

Etter adresseliste

Ing. Jostein Bø
Kråkvika 33
6390 Vestnes
Org. nr.: NO 980 770 192 MVA
Tlf: 71 18 96 31/71 18 02 79
Mob.: 95 77 28 48
e-post: job@jobing.no
Bank: 9710 61 00415

Att.:

Vestnes, 20.11.2017

MELDING OM OPPSTART AV REGULERINGSARBEID PÅ GNR. 8 BNR. 3 PÅ SESSETRA – DAUGSTAD I VESTNES KOMMUNE

I samsvar med plan- og bygningslova § 12-8 blir det med dette varsla om at det blir sett i gang arbeid med privat reguleringsforslag for eit område under gnr. 8 bnr. 3 ved Sessetra. Målsetninga for planarbeidet er å legge til rette for inn til 9 nye hyttetomter. Innspel og merknader til planarbeidet skal sendast innan 15.01.2018 sendast til Ing. Jostein Bø, Kråkvika 33, 6390 Vestnes, eller på e-post job@jobing.no.

Grunneigaren har kontakta kommunen om planarbeidet, slik plan- og bygningslova krev. Planutvalet behandla saka i møte den 07.02.2017, sak 19/2017. Der vart det gjort slikt vedtak:

Planutvalet godkjenner i medhald av PBL § 12-8 at det kan settast i gang arbeid med privat regulering/ reguleringsendring med formål fritidsbustader ved Sess-sætra.

Det vart ikkje sett spesielle vilkår.

Området er omfatta av tidlegare reguleringsplan, plan nr. 0084 – Daugstad og Sessetra. Det nye planområdet ligg i hovudsak innanfor jord- og skogbruksområde. For reguleringsformål som er i strid med tidlegare arealplan, skal det i utgangspunktet utarbeidast ei konsekvensutgreiing. Kommunen har funne at dette ikkje er nødvendig, då ein vurderer at planen og tiltak i medhald av planen ikkje vil ha vesentlege verknader for miljø og samfunn. Det er då heller ikkje nødvendig med tilhøyrande planprogram for planarbeidet, jfr. pbl § 4-1. Det vil under arbeidet med planforslaget likevel bli gjort særlege vurderingar vedrørende plassering av hytter i landskapet, landskapsverknadane, og korleis ein skal ta omsyn til eksisterande bekkar og bekkefar. Verknaden av ein slik plan blir vurdert som moderate, då inn til nye hytter ikkje er omfattande på eit så pass stort område.

Sjølv om det i eksisterande reguleringsplan er innregulert nokre hyttetomter, har det ikkje skjedd ny hyttebygging i området. Grunneigaren ønskjer med sitt initiativ å legge til rette for meir attraktive tomter.

Tilkomsten til planområdet er tenkt frå eksisterande veg inn på stølen.

Planprosessen:


På grunnlag av målsetjinga for planarbeidet og dei innspela som kjem, vil det bli utarbeida eit planforslag som skal sendast til kommunen. Kommunen vurderer då om forslaget skal behandlast, om det må endrast før det blir lagt fram for planutvalet.

Planutvalet gjer vedtak om offentleg ettersyn i samsvar med plan- og bygningslova § 12-10. det vil då bli sett en frist på minst seks veker for å komme med merknader til det konkrete planforslaget.

Kommunen vil etter høyringa vurdere merknadane og om planen skal leggest fram for kommunestyret til godkjenning, eller om det skal gjerast slike endringar at det blir nødvendig med nytt offentleg ettersyn først.

Med helsing

Jostein Bø



Planområdet